

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: N=Trøndelag
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Frol
 Emne: A R D og P L O G Bygdelag: Frol
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Arden er lite og inkje kjend i Frol . Frå barndomen min veit eg ikkje noe om den . Det er så vidt at ymse nå har bruka dei meir nymotens arder.

Skakla (med tjukk l) bruker vi om treskjækerne ein kan bruka til plog og harv o.l.

Nå brukar ein berre nymotens plogar . Men eg kan hugsast frå eg var barn (eg er fødd 1890) at eg såg mange treploger som fig ll , og eg hugsar at eg såg den ein gong i bruk.

Ellest var det i ungdomen min mykje av det dei kalla "Engelsk " plogar . Eg hugsar ein sme i Frol som skulle vera flink til å laga og vøla plogar. Krøng 1910 må ein vel segja at folk då byrja å villa ha nye typar av plogar.

Når ein køyde ploget i tomgang var det alltid før, å velte den på veltefjøla , som og på dei elste plogar eg har sett i Frol altig var av berre metal.

Vi i Trøndlag brukar ofte tjukk l , også i al.

Som sagt : Treplog kan eg hugsast , og ofte (før i allefall) kunne ein sjå restar etter scvore plogar . Leita ein vel , så kanskje det ennå fanst noen.

2270

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING